

## **Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 17.11.2021**

### **Avrøysting**

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Hovudutvalet vedtek opplegg for evaluering og vurdering av internasjonal aktivitet innan kultur- og idrettsområdet ansvarsområde, som oppfølging av strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020 - 2024.
2. Sektorvis gjennomføring av strategien vert grunnlag for felles sak om oppfølging til fylkesutvalet i samband med årsrapportering for 2021.
3. Internasjonalt samarbeid skal vere eit viktig tema i arbeidet med regional plan for kultur, idrett og friluftsliv, og internasjonalt samarbeid skal vere eit verktøy for å oppnå måla i planen.
4. Avdeling for kultur, idrett og inkludering skal gå igjennom og sjå nærare på i kva organisasjonar og nettverk som fylkeskommunen deltek i kan gjerast meir relevant og aktivt for kulturfeltet.